



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2010/098023-018

Dykkar referanse:
14/1158 - 14/3900

Vår dato:
24.04.2014

Uttale til offentlig ettersyn - Reguleringsplan - planID 1256 2009 0003 - Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak

Vi viser til dykkar brev dagsett 19.03.2014 med uttalefrist 25.04.2014.

Etter at vi sendte vårt første brev i denne saka 19.09.2013 har planen blitt endra ved at nye bustadområde er tekne ut. Statens vegvesen har tidlegare vist til at eksisterande bustader i hovudsak er konsentrert sør for fv 564 og har rådd i frå at fleire bustader vert etablert nord for vegen utan at arealbruken er vurdert på eit overordna nivå. Det er positivt at dette rådet har blitt følgd opp av kommunen.

Eigedomen B_11/27 er lagt ut til bustad, men det står ikkje bygg på den i dag. Eigedomen B_12/7 er vist som bustad i planframlegget, men er i følgje matrikelopplysningar ein fritidseigedom. Vi stiller spørsmål ved kvifor desse eigedomane er føreslått regulert til bustad. I samsvar med tidlegare uttalar rår vi til at det ikkje blir etablert nye bustader på nordsida av fv 564. Vi rår også til at det vert presisert i føresegnene at det ikkje kan etablerast nye bustadeiningar på dei eksisterande bustadtomtene som er regulert til bustad i plankartet.

Avkøyrsla ved B_11/27 er vist med svingradius 9 meter. Når dei nye bustadområda er tekne ut av planen, er det ikkje behov for ei så stor avkøyrsla her. I følgje vegnormalen skal avkøyrsla her ha svingradius 4 meter. Vi rår til at det vert retta opp i plankartet.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (e-post)
Hordaland fylkeskommune (e-post)

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52